



# UNIVERSITETET I BERGEN

## Program for universitetspedagogikk

<b>Emnenamn</b>	<b>UPED622 – Forskningsveiledning (Phd)</b>
<b>Studiepoeng</b>	5
<b>Undervisningssemester</b>	Kurset går ikkje regelmessig, sjå kurskalendar: <a href="http://www.uib.no/uniped/tilbud/kurskalender">http://www.uib.no/uniped/tilbud/kurskalender</a>
<b>Undervisningsspråk</b>	Norsk og engelsk
<b>Studienivå</b>	Program for universitetspedagogikk
<b>Institutt</b>	Institutt for pedagogikk
<b>Krav til studierett</b>	Kurset er ope for faste tilsette i vitskaplege stillingar ved Universitetet i Bergen. Deltakarar på «Utviklingsprogram for universitetspedagogikk» har førsteprioritet.
<b>Mål og innhald</b>	Bidra til å styrke den enkelte vitskapleg tilsettes kompetanse i høve rettleiing av doktorgradskandidatar. Gje deltakarane auka forståing av ulike tilhøve som fremmer og hemmer læring. Gje deltakarane ei innføring i ulike rettleiingstradisjonar og rettleiingspraksisar. Gje deltakarane auka innsikt i ulike tilhøve som påverkar relasjonen mellom rettleiar og doktorgradskandidat, og kva som skal til for å sikre kandidatane sin progresjon.
<b>Læringsutbyte/resultat</b>	Etter å ha gjennomført kurset skal deltakarane:  <i>Kunnskapar:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kjenne til nokon sentrale teoriar om læring</li><li>• Kjenne til nokon sentrale rettleiingstradisjonar og rettleiingspraksisar</li><li>• Ha kunnskap om ulike tilhøve som har tyding for motivasjon og læring</li></ul> <i>Ferdigheiter</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vere i stand til å identifisere moglege læringsmessige tersklar og barrierer knytt til eige fag og til kandidatane sitt arbeid</li><li>• Vere i stand til å bistå eigne kandidatar til å overkomme eventuelle læringsmessige barrierer og til å nå oppsette mål</li></ul> <i>Generell kompetanse:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Være medviten si eiga rolle som rettleiar og</li></ul>

	kunne identifisere og handle adekvat på ulike utfordringar av relasjonell og fagleg karakter.
<b>Krav til forkunnskapar</b>	Ingen
<b>Undervisning og omfang</b>	<p>Kurset består av to samlingar samt arbeid i mellomperioden. Den første samlinga strekkjer seg over to dagar. Her vil ein variere mellom korte presentasjonar, gruppediskusjonar med utgangspunkt i case og bidrag frå deltakarane. I perioden mellom første og andre samling skal deltakarane arbeide med eit prosjekt. Andre samling består av ein dag der deltakarane presenterer sine prosjekt for kvarandre og mottok tilbakemelding. Maks antal deltakarar er 20.</p> <p><u>Prosjekt</u> Deltakarane vil kunne velge mellom to ulike prosjekt, anten:</p> <p>1. Utforme eit rettleiingsopplegg knytt til eige fag/praksis, tenkt eller faktisk for eit konkret tilfelle. Eller:</p> <p>2. Med utgangspunkt i eit utlevert case diskutere ulike utfordringar/svakheiter og presentere eit alternativt opplegg. Prosjektet skal beskrivast i form av ein skriftleg rapport. Den skriftlige rapporten skal ha eit omfang på 1500-2000 ord. Deltakarane vil få utlevert ein mal som spesifiserer struktur/innhald for rapporten. Den enkelte får tilbakemelding av andre kursdeltakarar på sitt prosjekt/framlegg på andre samling. Denne tilbakemeldinga skal innarbeidast i den skriftlige rapporten som skal leverast på ein nærare gitt dato etter andre samling. Kurset er ikkje godkjent før endeleg rapport er innlevert. Rapportane skal være utforma på ein måte som gjer at dei kan publiserast på Program for universitetspedagogikk sine nettsider: <a href="http://www.uib.no/uniped">http://www.uib.no/uniped</a></p>
<b>Obligatoriske arbeidskrav</b>	Aktiv deltaking på alle tre dagar.
<b>Vurderingsformer</b>	Innlevering av skriftleg rapport.
<b>Karakterskala</b>	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen bestått/ikkje bestått.
<b>Læremiddelomtale</b>	Det er utarbeidd ei litteratursamling som består av ei bok samt utvalde artklar. Denne vil bli utdelt ved kursstart.
<b>Undervisningsstad</b>	Bergen
<b>Emneevaluering</b>	Kursdeltakarane føreteik ei skriftleg evaluering av kurset.
<b>Kontaktinformasjon</b>	For meir informasjon, venlegast send ein epost til <a href="mailto:uniped@uib.no">uniped@uib.no</a>